



STORTINGET

# Lovvedtak 138

(2024–2025)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 516 L (2024–2025), jf. Prop. 145 LS (2024–2025)

I Stortingets møte 17. juni 2025 ble det gjort følgende

vedtak til lov

om endringar i eigedomsskattelova

I

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane vert det gjort følgjande endringar:

§ 8 A-2 skal lyde:

(1) Verdet av eideomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eideomen etter si innretning, bruksegenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal. Skattegrunnlaget for bustader og fritidsbustader vert sett til verdet multiplisert med 0,7.

(2) Verdet av næringseideomen skal setjast til teknisk verd når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første ledd første punktum.

(3) Verdet av vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum skal setjast til tek-

nisk verd, eller avkastningsverd når det gjev best uttrykk for verdet.

(4) Kommunestyret kan vedta at det skal gjerast frådrag i takstane for ein lokal reduksjonsfaktor, med likt prosentvis frådrag for alle typar eideom. Frådraget vert vedtatt i samband med allmenn taksering og ligg fast i heile takstperioden. For bustader og fritidsbustader skal ein berre nytte lokal reduksjonsfaktor når denne er høgare enn frådraget i første ledd, og ikkje i tillegg til dette.

§ 8 C-1 tredje ledd skal lyde:

(3) Nyttar kommunen lokal reduksjonsfaktor, gjeld same regelen som i § 8 A-2 fjerde ledd.

II

Endringane under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med skatteåret 2026.

Masud Gharahkhani

president

